

Møteprotokoll

Utval:	Styret for Fagskolen i Hordaland
Møtestad:	Nettmøte Zoom / Haugeveien 28, Nordnes
Dato:	28.01.2021
Tid:	09:00 – 10:20

Følgjande faste medlemmer møte:

Namn	Funksjon	Representerer
Emil Gadolin	Leiar	Eigar (A)
Marianne Sæhle	Nestleiar	Eigar (SV)
Rosalind Fosse	Medlem	Eigar (FRP)
Bård Sandal	Medlem	Eigar (Adm.)
Anne Mette Koch	Medlem	Arbeidsliv
Trond Sanne Haga	Medlem	Arbeidsliv
Birgitte Svanevik	Medlem	Arbeidsliv
Sjur Inge veim	Medlem	Tilsette
Tom Alexander Østensen	Medlem	Studentane

Merknader

Utan merknader

Frå administrasjonen møte:

Namn	Stilling
Torbjørn Mjelstad	Rektor
Adeline B. Landro	Sekretariat
Christine Sommer	Styresekretær
Bjørn Lyngedal	Fylkesdirektør Opplæring og kompetanse

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off
GK 01/21	Godkjenning av møteinnkalling og sakliste	2020/1479	
GK 02/21	Godkjenning av møteprotokoll frå 04.12.2020	2020/1479	
Referatsaker			
RS 01/21	Orientering om samanslåing, prosjektstyre og prosjektretor	2020/1479	
Vedtaksaker			
VS 01/21	Løyve til å søkje NOKUT om ny fagskuleutdanning innan RAS	2020/1479	
VS 02/21	Løyve til å søkje NOKUT om ny fagskuleutdanning innan Lean	2020/1479	
VS 03/21	Ønske om å endre namn på utdanning - Lokal matkultur	2020/1479	

GK 01/21 Godkjenning av møteinnkalling og sakliste

Saksprotokoll i Styret for Fagskolen i Hordaland – 28.01.2021

Møteinnkalling og sakliste vart godkjent utan merknader.

GK 02/21 Godkjenning av møteprotokoll frå 04.12.2020

Saksprotokoll i Styret for Fagskolen i Hordaland – 28.01.2020

Møteprotokoll vart godkjent utan merknader.

Referatsaker (meldingar)

Saksprotokoll i Styret for Fagskolen i Hordaland - 28.01.2021

Styret tok dei øvre referatsakene til orientering.

Munnleg orientering

Covid-19

I dei to første vekene etter semesterstart har det vore digital undervisning, og undervisninga er framleis digitalt.

Studiestad Austevoll opnar frå 25. januar. Det er ingen smitte på Austevoll, og studentane er i hovudsak buande på Austevoll.

Studiestad Bergen opnar gradvis med fysisk undervisning minimum ein gong i veka, i tråd med regjeringa sine tilrådingar. Fagskulen tar inn ulike utdanningar til ulike dagar, slik at det ikkje blir for mange studentar på skulen med en gong. Skulen har god dialog med studentrådet om smitteverntiltaka og organiseringa av undervisninga. Studentane er glad for noko meir stadleg undervisning.

Nettklassane kjem ikkje inn til fysisk undervisning før i veke 8, med to unntak – klassisk bygningshåndverk og Arborist. Vidare vert det fokusert i størst grad på undervisning der det er behov for bruk av t.d. simulatorar og labar.

Vedtaksaker

VS 01/21 Løyve til å søkje NOKUT om ny fagskuleutdanning innan RAS

Forslag til vedtak

1. Fagskulen vert gjeve løyve til å søkje NOKUT om akkreditering for utdanninga Resirkuleringsanlegg (RAS) for sjømatnæringa (30 stp.) ved fristen 10. februar 2021.
2. Det vert søkt om akkreditering for studiestad Nordnes og Austevoll.
3. Det vert søkt akkreditering for utdanningsform nettbasert med samlingar.
4. Fagskulen kan gjere språklege justeringar i studieplanen fram mot søknadsfrist.

Saksprotokoll i Styret for Fagskolen i Hordaland - 28.01.2021

Røysting:

Administrasjonen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Fagskulen vert gjeve løyve til å søkje NOKUT om akkreditering for utdanninga Resirkuleringsanlegg (RAS) for sjømatnæringa (30 stp.) ved fristen 10. februar 2021.
2. Det vert søkt om akkreditering for studiestad Nordnes og Austevoll.
3. Det vert søkt akkreditering for utdanningsform nettbasert med samlingar.
4. Fagskulen kan gjere språklege justeringar i studieplanen fram mot søknadsfrist.

VS 02/21 Løyve til å søkje NOKUT om ny fagskuleutdanning innan Lean

Forslag til vedtak

1. Fagskulen vert gjeve løyve til å søkje NOKUT om akkreditering for utdanninga Lean – ledelse, produksjon og taktplanlegging (30 stp.).
2. Det vert søkt om akkreditering for utdanningsformene nettbasert med samlingar ved studiestad Nordnes, og som reint nettbasert tilbod.
3. Fagskulen kan gjere språklege justeringar i studieplanen fram mot søknadsfrist.

Saksprotokoll i Styret for Fagskolen i Hordaland - 28.01.2021

Røysting

vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Fagskulen vert gjeve løyve til å søkje NOKUT om akkreditering for utdanninga Lean – ledelse, produksjon og taktplanlegging (30 stp.).
2. Det vert søkt om akkreditering for utdanningsformene nettbasert med samlingar ved studiestad Nordnes, og som reint nettbasert tilbod.
3. Fagskulen kan gjere språklege justeringar i studieplanen fram mot søknadsfrist.

VS 03/21 Ønske om å endre namn på utdanning - Lokal matkultur

Forslag til vedtak

1. Styret støttar at det vert sendt førespurnad til NOKUT om endring av namnet på utdanninga «Lokal matkultur» til «Matkultur».

Saksprotokoll i Styret for Fagskolen i Hordaland - 28.01.2021

Styret v/styreleiar sette fram følgjande forslag til nytt vedtak:

Rektor vert gjeve fullmakt til å endre namnet på utdanninga etter ei ny vurdering og orienterar styret om nytt namn.

Røysting

Administrasjonen sitt forslag til vedtak vart ikkje vedteke. Styret sitt forslag til nytt vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

2. Rektor vert gjeve fullmakt til å endre namnet på utdanninga etter ei ny vurdering og orienterar styret om nytt namn.